

Hordaland fylkeskommune

Saksnr. 16/2637 - 11	Arkivkode / Co0/ &13	Saksh. Lisbeth Lunde Axelsen - 56575207	Dykkar ref.	Dato 10.04.2017
-------------------------	-------------------------	--	-------------	--------------------

### **Søknad om tilskot til arbeid med Kommunedelplan for kulturminne, Os kommune**

Visar til utlysing av tilskot til arbeid med kulturminneplanar, og søker med dette om tilskot på kr 50 000,-.

Planprogram for kulturminneplanen vart godkjend 20.12.2016, og prosjektgruppa har hatt to møter. Første del av kulturminnegrunnlag som er under utarbeiding gjeld Os sentrum. Dette gjerast for at arbeid med Sentrumsplan kan gjennomførast samstundes. Vi har allereie registrert krigsminne på Røttinga og i sentrum, som ikkje ligg inne i Askeladden. Bygg og anlegg i sentrum som vi vurderer som viktige kulturminne er under registrering. Vi ser at fleire bygg ikkje ligg inne i Askeladden. Vi har også funne bygg som skulle vært registrert i SEFRAK, men som ikkje er det. Når vi registrerar, er bilete og historier knytt til kulturminne ei viktig del. Dette er malen for korleis vi vil fortsette registreringar i Os etter kvart som vi tek fatt på nye område for utarbeiding av kulturminnegrunnlag.

Vi vonar at planen vert lagt ut på høyring i 2018, men blir nok ikkje vedteken før i 2019.

Vi har i dag omdisponert 100% stilling til arbeid med planen, kor 40% dekkast av tidlegare tildelte tilskotsmidlar frå Hordaland fylkeskommune. I tillegg kjøpas det tenester frå Byantikvaren i Bergen tilsvarende 20% stilling. Så langt har vi ikkje avsett tid/ressursar til sjølve innlegginga i Askeladden, men vi ser det vil vera tidkrevjande. Det er vanskelig i setja ein sum på kor store ressursar vi treng til dette, men reknar med at det vil overstiga kr 50 000,- i lønskostnader.

Dersom vi får tilskot, kan vi bruka dette til å starta med registrering i Askeladden allereie no, noko vi elles ikkje har kapasitet til.

Med helsing

Lisbeth Lunde Axelsen  
Kultursjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**ADRESSE**

*Rådhuset  
Torggata 7  
Pb.84, 5202 Os*

**TELEFON**

*Sentralbord: 56 57 50 00  
Telefax: 56 57 50 01  
Dir. innval: 56575207*

**WEB/EPOST**

*postmottak@os-ho.kommune.no  
www.oskommune.no*

**INFO**

*Bankgiro: 3201.48.86388  
Org.nr.: 844 458 312*